

Det var ein stor dag for hestafolket på Dønaug torsdag. Travarhesten Maxwill som Anne Berit og Magne Huglen er medeigarar i, vann finalen i Vestlandsløpet. Den var suveren i løpet, og vann med to lengder på tida 1.17.9 som er ny pers.

Hesteeigarane kan fortelja at det også vanka ein solid premie. Det vart delt ut kr 30.000,- i finaleløpet pluss 2.000 frå kvalifiseringa tidlegare på kvelden.

Ally Star, som ekteparet Huglen er eineigarar av, gjekk og løp denne kvelden. Den vart nr 6 av 15 startande, og premien her vart 2.000 kr. Ally Star er framleis ikkje nede på tidene frå i haust, men etter ein tyngre periode går det no framover, og eigarane er godt nøgd med det ho presterte i dette løpet.

Maxwill fekk galopp i fyrste sving i kvalifiseringa, men fekk kontakt med feltet att sjølv om opninga gjekk på 1.15. I siste sving kolliderte to hestar, og kuskane blei kasta av. Maxwill var og litt involvert i dette og fekk ny galopp, men kusk og trenar Øyvind Austevoll fekk han i trav att, og sikra ein sjetteplass. Han var dermed kvalifisert til finaleløpet på 2100 m.

Det var tydeleg at han imponerte trass 6. plass, for i finaleløpet var oddsen som vinnar svært lav. Han kom fint ut i andre par utvendig, ein ideell posisjon. Denne posisjonen heldt han til midt i siste sving. Det kom då hestar utvendig bakfrå, og Maxwill vart innestengd. Men ut på oppløpet fekk han opning, og sette inn høggiret, passerte dei andre og vann med ca to hestelengder. Belønninga i dette løpet vart som sagt 30.000,- i 1. premie, pokal til eigarar, trenar, oppassar og kusk, laurbærkrans, seiersdekken og blom, heiter det i rapporten frå medeigar Huglen som var i strålande humør etter løpet. Det vert spennande å sjå utviklinga til dei to hestane i løpa framover.

-Thor Inge Døssland